



Forventningar til skulen:

- God arena for læring og trivsel
- Ha respekt for elevane, møte dei på ein god måte.
- Sjå kvar ein skild elev
- Bry seg om elevane, visa omsorg.
- Elevane får den hjelpa dei treng
- Skulen skal vere ein trygg og god plass
- Ha fokus på eit trygt og godt skulemiljø
- At dei vaksne følgjer med på kva som skjer ute/inne i friminutta.
- At skulen tek tak i konflikhtar/problem på eit tidleg tidspunkt for å førebyggje større problem
- God dialog, toveis-kommunikasjon, lytte til foreldregruppa
- Informasjon- både sosialt og fagleg
- Få informasjon kontinuerleg, når noko skjer. Gjennom møter, Visma, vekeplan, heimesida (Ikkje lenge etterpå)
- At dei vaksne er kompetente fagleg og pedagogisk, med høg kvalitet på undervisning og vurdering
- Halde fram med mobilfrie veker og aldersblanding på mellomtrinnet
- Arrangere sosiale aktivitetar som t.d. overnatting
- Ha ulike tema på foreldremøter, samarbeide med andre skular, gjerne folk utanifrå som kjem og informerar.
- Praktisk arbeid, god balanse mellom det faglege og aktivitetar
- Følgje opp Pals- respekt, ansvar, omsorg for elevane og tilsette

Forventningar til heimen:

- Respekt for det skulen formidlar/bestemmer
- Lære ungane å ha respekt for alle, følgje opp Pals
- Lære ungane at ei sak har fleire sider.
- Følgje opp barna fagleg med lekser, møter, sosiale aktivitetar
- Passe på at ungane har med seg rett utstyr når dei t.d. har turdag
- At ungane kjem på skulen til rett tid
- Gje informasjon til skulen når det er noko skulen treng å vita og ha ein god dialog
- Viktig å syne interesse, snakke med ungane om deira skulekvardag og bry seg
- Framsnakke skulen, vere positiv
- Spørje etter dei andre ungane i klassen, ta ansvar for sine eigne ungar
- Invitere til sosialt lag, skulekompisar, besøk
- Fornuftig val når det gjeld Snapchat, speletid pc-spel, playstation m.m. Ta det opp som tema på klasseforeldremøte.
- Stille opp ved dugnad, køyring
- Samarbeid



- Bidra til trygg skuleveg
- Lese informasjon, halde seg oppdatert gjennom t.d. heimesida
- Møte på møter i ulike fora som ein vert invitert til
- Føresette har ansvar for eigne ungar si oppførsel på fritida og i skulen.
- Foreldregruppa må ha tru på at skulen tek gode avgjersler i vanskelege saker.
- Foreldregruppa må jobbe gjennom dei rette kanalane som klassekontakt, FAU
- Heimen må vere positiv til skulen i samtale med sine born. Ein bør vere positiv både til leksearbeid, tilsette ved skulen og medelevar.



Vedteke i FAU skuleåret 2018/19